

Sikringstiltak i barnehagen

15.01.2016

**Det har vore tilsyn i barnehagen og gjennomført sikringstiltak etterpå, Mellom anna er det montert sikring på toppen av komfyrane for å hindra at barna får tak i gjenstandar på toppen. Alle stikkontaktar er sikra med sikringar. Det vil verta undersøkt om vindaugene er sertifiserte som knusesikre. Er dei ikkje det, vil det bli limt ein sikkerheitsfilm utanpå glasa.
Dørene som utgjorde klemfare har fått justert dørpumpene slik at dei går sakte igjen**

For å løyse parkeringssituasjonen er det hengt opp forbodskilt på veggen til barnehagen. Det har gått ut ny informasjon til føresette om dette og enkelte gjengangarar har fått muntlig beskjed med gode resultat. Men for å hindra at det ikkje vert parkert rett utanfor porten vil det verta sett opp fysiske hindre i form av store urner med planter og lys i.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen